



Sakshandsamar: Gøsta Hagenlund  
Telefon: 57 64 31 21  
E-post: [fmsfgh@fylkesmannen.no](mailto:fmsfgh@fylkesmannen.no)

Vår dato  
1.10.2014

Vår referanse  
08/447  
Rapportnummer  
2014.003.R.FMSF

SIMAS iks  
firmapost@simas.no

## Revisjonsrapport ved Festingdalen avfallsanlegg - krav om retting av avvik – vedtak om gebyr

Rapporten omhandlar resultat frå revisjonen i tida 11. – 12.9.2014 som vart presentert for verksemda i sluttmøtet 16.9.14. Rapporten må sjåast på som endeleg, på den måten at det ikkje er klagerett på påvising av plikt til utbetring.

Fylkesmannen påviste 7 avvik frå ureiningsregelverket, og har 4 merknadar om forhold som er viktig for det ytre miljøet.

### Avvik

1. SIMAS har mangelfull internkontroll som gjeld for det ytre miljøet
2. Registrering av motteke avfall og rapporteringa til Fylkesmannen er ikkje rett
3. Mottakskontrollen for avfall vurdert som deponerbart avfall må betrast
4. Det er deponert avfall som ikkje kan deponerast eller ikkje utan vidare kan deponerast
5. Komposteringsanlegget har visse anleggs- og driftsmessige manglar
6. SIMAS har mangelfull handtering av farleg avfall
7. SIMAS manglar skriftlig dokumentasjon på at det er gjort ei systematisk vurdering av substitusjon av kjemikal

Vi ser alvorleg på avvik 2 under omtalen: "Det er eit alvorleg avvik at registrert avfall til deponi og rapporteringa til Fylkesmannen av motteke avfall til deponi er mangelfull." Dette forholdet vert vurdert følgd opp særskilt med ny kontroll.

### Merknader

1. Vassbalanse er ikkje tilstrekkeleg dokumentert eller oppdatert
2. Diffuse utslepp av deponigass må gjerast tiltak med
3. Nærmiljøtiltak bør vurderast med sikte på noko innstramming av rutinar
4. Presisering av prosedyrar

Rapporten gir nærare omtale av avvika, merknadene og andre forhold og korleis oppfølginga etter revisjonen vert.

Skriftleg attendemelding må vere sendt til Fylkesmannen innan **1.11.2014**.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Dagny Alvik  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift*

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 55  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
post@fmsf.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

**1. Informasjon om verksemda:**

Stad (namn på anlegg): <b>Festingdalen</b> Ansvarleg verksemd: <b>SIMAS iks</b>	Organisasjonsnr. (stad): <b>876 028 662</b> Eigd av: <b>974 888 076</b>
Kontaktperson: <b>Hallvard Thomassen</b>	Anleggsnummer og anleggsaktivitet: <b>Deponi: 1420.0008.02</b> <b>Avfall: 1420.0008.05</b> <b>Farleg avfall: 1420.0008.06</b> <b>Kompostering: 1420.0008.07</b>
<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert	Løyvedato og internt nr.: <b>7.4.08, 1998.163.T</b>
Risikoklasse: <b>2</b>	Gebyrsats etter § 39-8 i ureiningsforskrifta: <b>2</b>

**2. Bakgrunn for revisjonen**

Verksemda er risikovurdert i høve til fare for utslepp, handtering av avfall og andre forhold som kan gjelde ytre miljø. Plassering i risikoklasse 2 vil seie at verksemda rutinemessig vil få tilsyn om lag kvart 3. år frå Fylkesmannen i form av inspeksjon som kan vare opptil ein dag, eller revisjon (grundig kontroll) som vil vare i fleire dagar. I tillegg vil Fylkesmannen vurdere behov for anna tilsyn.

Tilsynet vil alltid ha som hovudføre mål å avdekke brot og manglar i høve til ureiningsregelverket, og hjelp til verksemda med forbetringstiltak. Tema for tilsynet vil variere etter vurdert behov og kapasitet. Hovudtema ved denne revisjonen var:

- Internkontroll (ytre miljø)
  - Oversyn lov/forskrift
  - Risikovurdering
  - Konkrete mål
  - Årleg handlingsplan
  - Medverknad
  - Ansvar
  - Avvikshandtering
  - Årleg gjennomgang
- Løyvet med vilkår
- Avfallsforskrifta
  - kap. 1 (om EE-avfall)
  - kap. 9 (om deponering av avfall)
  - kap. 11 (om farleg avfall)
  - kap. 14 (om PCB-haldige vindauger)
- Handtering ordinært avfall
  - avfall frå andre
- Handtering farleg avfall
  - eige avfall
  - avfall frå andre
- Handtering av kjemikal
  - oversikt
  - sikkerhetsdatablad
  - substitusjon

**3. Gjennomføring av revisjonen**

Revisjonen bygger på skriftleg informasjon Fylkesmannen har motteke på førehand om verksemda sitt arbeid med helse, miljø og tryggleik som kan gjelde det ytre miljøet. Under revisjonen vert leiding og tilsette intervjuet om aktuelle utfordringar, og enkelte prosessar vert nærare granska ved sokalla verifikasjon (stikkprøvekontroll på at rutinar, ansvar, instruksar vert følgd i praksis).

Ein aktiv og levande internkontroll er viktig for at verksemda skal stette miljøkrav for sine aktivitetar. Vi legg difor særleg vekt på spørsmål om

- verksemda sitt dokumenterte system for internkontroll som gjeld det ytre miljøet er føremålstenleg og dekkande,

- aktivitetar som kan ha noko å seie for det ytre miljøet vert utført som omtalt og uttalt,
- verksemda når måla sine og driv innfor eigen rammer og krav i lovverket eller dokument frå Fylkesmannen.

Rapporten omtalar nærare dei betringspunkta som vart påvist under revisjonen. Betringspunkta er omtalt som "avvik" og "merknader". Definisjon på desse omgrepa er:

**Avvik:** Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve med nærare vilkår for drifta/aktivitetane, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)

**Merknad:** Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Tilsynsstyresmaktene etter internkontrollforskrifta har ein sams forståing for desse omgrepa, og nyttar dei i all attendemelding til verksemda innan helse-, miljø- og tryggleikstema.

Rapporten er ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus. Bak i rapporten vil de finne omtale av "andre forhold" om observasjonar av prosessar, utvikling av og forhold ved verksemda, eller anna kontakt de må ha med Fylkesmannen.

#### 4. Oppfølging etter kontrollen

SIMAS iks pliktar snarast råd å rette påviste avvik, utan ytterlegare oppfølging eller krav (vedtak) frå Fylkesmannen. Verksemda må sende skriftleg (helst elektronisk) melding innan **1.11.2014** at avvika er retta. Meldinga må innehalde dokumentasjon på gjennomførte tiltak, som til dømes bilete av fysiske endringar og kopi av eventuelt endra rutinar og andre styringsdokument.

Dersom avvika ikkje lar seg rette innan denne tida, ber vi om ein grunngeve plan med ønske om tid for oppretting. Fylkesmannen varslar med dette at ved fastsetjing av ny dato, vil vi vurdere å vedta ein tvangsmulkt til staten som vil forfalle dersom nødvendige tiltak ikkje er gjennomført. Tvangsmulkta vil verte vurdert i det enkelte tilfelle, og sett så høgt at det skal løne seg for verksemda å gjennomføre tiltak innan den nye tidsfristen. Fylkesmannen ønskjer *ikkje* å måtte drive inn tvangsmulkta, men voner vedtaket vil vere eit sterkt økonomisk incentiv til å gjennomføre gode tiltak.

Innan **same dato** som nemnt for avvika ber vi om at verksemda gjer greie for sine vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknytning til våre merknader. Om vi vurderer at dykkar melding ikkje er tilstrekkeleg, vil vi kunne setje ny dato og knyte tvangsmulkt til denne. Forholdet kan også gje grunn til vedtak om tiltak.

#### 5. Vedtak om gebyr for revisjonen

SIMAS iks er ved denne revisjonen plassert i gebyrsats 2 etter § 39-8 i ureiningsforskrifta, jf. varsel datert 1.7.2014. Det vil seie at verksemda må betale kr. 83 100,- i gebyr for den gjennomførte kontrollen. Faktura med innbetalingsblankett vert send frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato.

Storleiken på gebyret kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngeven, adresserast til klageorganet Miljødirektoratet, men må

sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av storleiken eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad. Gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn, jamvel om klagen ikkje er endeleg avgjort innan forfall av faktura. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt gebyr refundert.

## 6. Orientering om regelverket

### 6.1. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

### 6.2. Oversikt over ureiningsregelverket

De kan finne oversikt over ureiningslovverket på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no) eller vist til frå [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn de på nettstaden [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no). Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein i kap. 39 i ureiningsforskrifta.

## 7. Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

---

### Avvik 1      **SIMAS har mangelfull internkontroll som gjeld for det ytre miljøet**

**Avvik frå:** Internkontrollforskrifta, § 5 og utsleppsløyvet 7.4.08

#### Kommentarar:

#### **1. SIMAS har ikkje tilstrekkeleg oversikt over gjeldande regelverk til å hindre feil handtering av avfall, jf. § 5 nr. 1.**

Betringspunkt: Auke kjennskap til kap. 9 i avfallsforskrifta der både kapitteltekst og vedlegg 2 er endra (og innskjerpa) etter at utsleppsløyvet er gitt. Døme er; rett oppfølging av basiskarakterisering, tømning og vidare handtering av avfall frå oljeutskiljar, mottak av flytande avfall, med meir.

#### **2. SIMAS må fastsetje fleire skriftlege, konkrete og etterprøvbare mål, jf. § 5 nr. 4, og de må dokumentere betre korleis handlingsplanen for det enkelte året vert følgd opp, jf. § 5 nr. 6.**

SIMAS har ambisiøse miljømål, og arbeider mellom anna med avfallshandtering som fører med seg svært låg mengde deponert avfall (i høve til tidlegare). Delmåla for det enkelte året må likevel verte meir konkrete, og verksemda må dokumentere betre korleis og om måla vert nådd. Årleg handlingsplan viser at SIMAS har eit systematisk arbeid for å stette HMS-krav for det ytre miljøet, men dokumentasjon på oppfylling av alle postar på handlingsplanar manglar eller er lite dokumenterte.

Betringspunkt: Delmål for det nye året bør vurderast etter den (minst) årlege gjennomgangen og sjåast saman med risikovurdering (eller oppdatering). Konkrete mål bør fastsetjast som vert følgd opp gjennom tiltak i handlingsplanen, og vert evaluert ved milepælar i året eller ved den årlege gjennomgangen.

#### **3. Stillingsinstruks (ansvar og mynde) må oppdaterast slik at det kjem betre fram kven som har ansvar for kva innan HMS, jf. §5 nr 5.**

HMS-koordinator har ei viktig rolle i HMS-arbeidet, men har enno ikkje fått utarbeidd stillingsinstruks. Det bør vere klare linjer i organisasjonen, slik at alle er kjent med sine arbeidsoppgåver, kven dei rapporterer til, og kven som ansvar for å følgje opp. Dette skal dokumenterast skriftleg.

**4. SIMAS manglar øving av beredskap mot akutt ureining, jf. vilkår 8.1 i utsleppsløyvet.**

Verksemda skal, på bakgrunn av ein miljørisikoanalyse og dei iverksette risikoreduserande tiltaka, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt ureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til alle tider representerer. Beredskapen mot akutt ureining skal øvast minst ein gang pr. år.

**5. Eit godt avvikssystem må verte endå betre, jf § 5 nr 7.**

SIMAS mottok høvesvis mange avviksmeldingar som også omhandlar det ytre miljøet. Vi saknar nokre avviksmeldingar på eigen handtering av avfall – jf. nærare omtale av betringspunkt under dei andre avviksomtalane, og systematisk oppfølging av likearta avviksmeldingar. Vi fann mellom anna ikkje omtale av melding frå nabo, tømning av flytande avfall, mottak av farleg avfall og handtert som reine massar (jf. årsrapport).

**6. SIMAS har mangelfull internrevisjon/ systematisk gjennomgang på at systemet fungerer som tenkt, jf. § 5 nr. 8.**

Verksemda har ei skriftleg rutine (5.3) på evaluering av internkontrollsystemet, men denne vert ikkje følgd fullt ut. I tillegg til den jamne oppfølginga må verksemda minst ein gong i året foreta ei meir omfattande gjennomgang av HMS-arbeidet og vurdere om dette fungerer i praksis. Resultata frå gjennomgangen skal oppbevarast lett tilgjengeleg. Formålet er å finne svakheiter og manglar og utbetre dei.

---

**Avvik 2      Registrering av motteke avfall og rapporteringa til Fylkesmannen er ikkje rett**

**Avvik frå:**    Avfallsforskrifta § 9-12 og § 9-13, utsleppsløyvet 7.4.08 vilkår 5

**Kommentarar:****1. Det er eit alvorleg avvik at registert avfall til deponi og rapporteringa til Fylkesmannen av motteke avfall til deponi er mangelfull.**

For 2013 er det berre rapportert deponert reine massar, gips og asbest. Vektjournalen viser at det mellom anna er teke imot flytande avfall, lett ureina massar med tungmetall eller olje og farleg avfall. Noko av denne massen vart karakterisert og deklarerert som farleg avfall, men likevel teke imot og rapportert som "reine massar". Verksemda har ikkje system for registrering av "lett ureina massar".

Avfall som elles vert handtert utanom deponiet, vert også registrert i vektjournalen, jamvel om det ikkje vert handtert ved anlegget (døme: matavfall frå cruisetrafikk, noko makuleringspapir). Betringspunkt: SIMAS må ha eit system som eintydig viser avfallstypar som vert deponert, avfallstypar som vert handtert, men ikkje deponert, og eit eige system som viser kva for avfall SIMAS handterer utanom anlegga på Festingdalen.

**2. Registrert mengde avfall i vektjournal gjeld berre nokre typar farleg avfall (7022, 7051 og 7156).**

Type 7022 vert deponert i strid med kap. 11 i avfallsforskrifta. Gruppene 7051 og 7156 ser ut å verte korrekt handtert vidare utanom deponiet.

Betringspunkt: SIMAS må etablere eit system som sikrar full sporing av det farlege avfallet: Avfall registrert inn til mellomlager (typar og frå kven – hugs skilje mellom hushaldning og andre), avfall på lager, lagringstid, vidare levering (ev. om noko kan deponerast etter reiste- og kolonnetest). Sjå også omtale under avvik 6, punkta 3 og 7.

---

**Avvik 3 Mottakskontrollen for avfall vurdert som deponerbart avfall må betrast**

**Avvik frå:** Avfallsforskrifta § 9-11, 9-14 og vedlegg 2, spesielt pkt. 1.4

**Kommentarar:**

**Mottakskontrollen for avfall som vert levert som deponivare er ikkje tilstrekkeleg.**

Med "mottak" meiner Fylkesmannen den staden der avfallsleverandør først vert møtt av representant for avfallsanlegget og kravd for dokumentasjon. For Festingdalen vil det seie området ved vekta. Festingdalen har minst 3 stader som vert oppfatta som "mottak"; sorteringsplata ned på deponiet, mottaksstad for restavfall, deponistad for asbesthaldig avfall.

Ved mottaket vert avfallsprodusent / -transportør kravd for dokumentasjon. Avfallet vert likevel sendt til deponiområdet utan at det skjer visuell kontroll (jamleg og etter ein viss frekvens), og sendt vidare jamvel om basiskarakteriseringa tilseiar at avfallet er eller kan vere farleg avfall. Fylkesmannen mottar ikkje rapport om forsøk på levering av avfall til deponi (som ikkje kan deponerast) eller feil motteke avfall.

Sjå også avvik 2 når det gjeld registrering og journalføring.

---

**Avvik 4 Det er deponert avfall som ikkje kan deponerast eller ikkje utan vidare kan deponerast**

**Avvik frå:** Avfallsforskrifta kap. 9, utsleppsløyvet 7.4.08 vilkår 3.3 og ureiningslova § 7

**Kommentarar:**

**1. Avfall karakterisert som farleg avfall og deklartert med ein 7000-SSBkode (farleg avfall) vert teke imot til deponi utan at det vert stilt krav til utlekkingstestar.**

Noko av slik type avfall vart for 2013 rapportert til Fylkesmannen som reine massar.

Døme frå 2014:

- Oljehaldig masse som også inneheld tungmetall frå Vik Ørsta, basiskarakterisert som farleg avfall med EAL kode \*130508 på deklarasjonsnummer 9847401, men deponert.
- Oljehaldig slam frå Statens vegvesen med EAL-kode \*150202 på deklarasjonsnummer 8786355, men deponert.
- Blåsesand frå LMI as med EAL-kode 120117 er karakterisert som ordinært avfall, men deklartert på deklarasjonsnummer 8209108. Dette er avfall frå same produsent som i 2012 vart deklartert som farleg avfall på grunn av blyinnhald, men vurdert lovleg å ta imot til deponi etter riste- og kolonnetest. Merk at det berre er lovleg å ta imot avfall "som vert produsert jamleg" etter at eit tilstrekkeleg tal analyser viser at avfallet kan deponerast. I tillegg er det krav om årleg verifikasjon på at karakteriseringa er rett.

For 2013 er alt mottak av ureina masse rapportert til AltInn som "reine massar".

Avviket er også eit døme på at utsleppsløyvet av 7.4.08 er utdatert etter 16.7.2009 der kap. 9 i avfallsforskrifta tok til å gjelde.

**2. Nokre typar farleg avfall (blåsesand, oljehaldig sand) vert deponert utanom særskilt avsett og merkt område for slikt avfall, jf. vilkår 3.3 i løyvet.**

**3. Flytande avfall vert teke imot på deponiet i strid med § 9-4 i avfallsforskrifta.**

Ikkje avvatna slam vert tømt i slamlagune inne på deponiområde i grop der botn er dekt med strø/tilsatsmateriale. I 2013 vart det teke imot 226 060 kg slam som må avvatnast (råslam) inn til deponiet. Vassdelen frå slamlaguna renn kort veg gjennom deponiet til oppsamlingsarrangementet for sigevatn.

**4. Avfall til deponi som skal avisast etter vilkår 3.4, vert motteke til deponiet.**

Avvist avfall for deponering skal som hovudregel takast imot av avfallsanlegget, analyserast på rett måte og eventuelt forbehandlast før endeleg sluttdisponering kan avgjerast. Det vert ikkje laga særskilt rapport eller rapportert som avvik til Fylkesmannen. Jf. også kravet i kap. 9, vedlegg 2, pkt. 1.4: "Dersom en avfallsleveranse må avvises fordi avfallet ikke oppfyller kriteriene for mottak, skal driftsansvarlig varsle forurensningsmyndigheten."

---

**Avvik 5 Komposteringsanlegget har visse anleggs- og driftsmessige manglar**

**Avvik frå:** Utsleppsløyvet, jf. vilkår 3.9

**Kommentarar:****1. Luktfjernings- eller luktdempingsanlegg er ikkje etablert, jf. vilkår 3.9.2.**

Halldørane står opne jamvel om løyvet føreset kompostering i lukka anlegg med kontroll med luktutslepp.

Lukt frå komposteringsanlegget har likevel vorte vesentleg betra den seinare tida. Halvferdig produkt som var klart til å takast ut frå hallen var på kontrolldagen tørt og lett handterbart.

Betringspunkt: Sikre at kompostprosessen når tilstrekkeleg høg temperatur, og gjennomføre tiltak ved behov. Lukke anlegget med kontroll på fukt, avgass og eventuelt etablere luktfjerneanlegg.

Vurdere andre tiltak som omtalt for luktdemping frå meir open prosess.

**2. Mottak av avfall skjer ikkje under tak, jf. vilkår 3.9.2.**

Førekost av måkar, ramn og kråke er stor til tider på året eller dagen. Etter omlegging av driftsrutinar vert meir av rå-avfallet prosessert dagleg. Fuglemengde er likevel framleis stor. Levering på fredagar kan liggje til måndag, og såleis vere tilgjengeleg heile helga.

---

**Avvik 6 SIMAS har mangelfull handtering av farleg avfall**

**Avvik frå:** Avfallsforskrifta kap. 11 og utsleppsløyvet 7.4.08

**Kommentarar:****1. SIMAS sin kontroll med utfylling av deklarasjonsskjema er mangelfull.**

Under tilsynet kom det fram at ein del verksemder leverer farleg avfall utan å levere deklarasjonsskjema ved å hevde at det er hushaldningsavfall.

Ved mottak av farleg avfall skal løyveharar sjå til at avfallet er deklarerert. Dersom ein leveranse inneheld fleire avfallstypar, må det vere minst ein deklarasjon for kvar avfallstype. Verksemda som leverer farleg avfall er sjølv ansvarleg for at deklareringsa er utført korrekt. Dersom dette ikkje er gjort må løyveharar gi tilstrekkeleg informasjon. Særskild liste bør førast over verksemder som ikkje deklarerer korrekt.

**2. Mottakskontrollen er ikkje tilstrekkelig til å hindre at motteke farleg avfall vert blanda med ordinært avfall.**

Det er ikkje lagt til rette for utsortering av byggavfall som kan vere farleg avfall på miljøstasjonen. Døme på dette er vinylgolvbelegg som inneheld ftalater, røyrisolasjon som inneheld bromerte flammehemmarar mm. Verksemda må leggje til rette for god sortering av byggavfall som kan vere farleg avfall, og handtere dette forskriftsmessig vidare.

Næringslivet har tilgang til miljøstasjonen alle dagar, også dei dagane miljøstasjonen ikkje er open. Desse dagane er truleg mottakskontrollen ikkje tilstrekkeleg til å sikre at farleg avfall vert handtert forsvarleg.

### 3. Journal for mottatt farleg avfall er mangelfull utfylt.

SIMAS har ein journal for registrering av farleg avfall, men den var ikkje fylt ut slik at den fullt ut stettar krava i vedlegg 2 i kap. 11 i avfallsforskrifta. Journalen skal innehalde opplysningar om mengde farleg avfall, typar farleg avfall, deklarasjonsnummer, avfallet sitt opphav (så langt det let seg gjere) mm. Verksemda har ikkje registrert alle typar farleg avfall i journalen (td, vinylbelegg, vindaug som inneheld klorparafin og PCB, røyrisolasjon, fotokjemikaliar, kvikksølv mm). Det er også viktig at det vert tidfesta når farleg avfall kjem inn på anlegget, og når det vert sendt vidare for å sikre at lagringstida ikkje overskrid 6 månader.

### 4. Farleg avfall er lagra på område som ikkje er tilstrekkeleg sikra mot utslepp.

Ee-avfall og vindaug som inneheld PCB og klorparafin står lagra ute utan skjerming for nedbør. Dette skal lagrast tørt. Det er også eit krav i løyvet om at avfall som kan brukast om att bør lagrast under tak.

### 5. SIMAS har mangelfull handtering av eige produsert farleg avfall.

Det kom fram under tilsynet at oljehaldig absorbent vart kasta i restavfallet. Dette kan vere så metta med olje at det overstig grensa for farleg avfall, og skal difor handterast som dette.

### 6. Tømming av oljeutskiljar.

SIMAS har ein oljeutskiljar ved vaskeplass utanfor komposteringsanlegget. Oljeutskiljar er ikkje spesielt nemnt i utsleppsløyvet, men SIMAS skal ha risikovurdert utskiljaren, og om ikkje anna er vurdert må de drifta utskiljaren minst like godt som etter standardkrava i ureiningsforskrifta kap. 15. Driftsjournal for oljeutskiljaren kunne ikkje leggjast fram. Utskiljaren bør etter dette tømast minst årleg, og den må ha jamleg ettersyn. Slam frå oljeutskiljar er farleg avfall. Verksemda opplyste om at den vert tømst av aktør som ikkje har løyve til å handtere farleg avfall, og levert på eige deponi – noko som er ulovleg handtering av farleg avfall etter kap. 11 i avfallsforskrifta. Det er heller ikkje teke prøvar av oljeinnhaldet i avløpsvatnet. Avløpsvatnet skal etter standardkrava i kap. 15 ikkje overskride 50 mg/l. SIMAS må ha dokumentasjon som viser nivå på olje i avløpsvatnet.

### 7. Sporing av farleg avfall.

SIMAS er i det vesentlege ein **aktør** i avfallsbransjen og handterer avfall **frå kundar**. Slikt avfall skal såleis deklarerast med **kunden** som avfallsprodusent og SIMAS som **1. aktør**. Farleg avfall som kjem inn frå miljøstasjonar vert i dag registrert på SIMAS som produsent, men skal registrerast på kvar einskild kommune. Sjå elles rettleiing i pkt. 7 under "andre forhold".

For det farlege avfallet som verksemda *sjølv* produserer som til dømes spillolje, sprayboksar mm. må det fyllast ut deklarasjonsskjema med SIMAS som produsent. Verksemda må ha dokumentasjon på korrekt levering.

### 8. Betaling for farleg avfall frå private skal vere inkludert i avfallsgebyret.

SIMAS følgjer godt opp kravet etter kap. 11 i avfallsforskrifta om at private har inkludert betaling for levering av farleg avfall inntil 400 kg per år.

Det er uvisse i verksemda om treverk impregnert med CCA eller asbesthaldig avfall er betalvare for private i strid med kap. 11. CCA-impregnert treverk er farleg avfall med avfallsstoffnummer 7098. Frå hushaldning er til vanleg EAL-koden \*200137. Bygg- og anleggsavfall elles er gruppert under 17 xx xx. For stjernemerkte typar levert av privatperson frå privat hus er betaling for dei første 400 kg inkludert i det vanlege avfallsgebyret. Betaling for slikt avfall levert av næringsdrivande som har utført arbeid på eit privat hus, er betalvare som næringsavfall. Dersom SIMAS er i tvil om gruppering, må det gjerast eit skjøn. Om slikt avfall vert levert med køyretøy merkt med firmalogo for firma som kan utføre arbeid som kan generere slikt avfall, bør avfallet til vanleg verte definert som næringsavfall – jamvel om privatperson leverer. Gardbrukar som sjølv har utført arbeid på eigen bustad kan levere avfall som privatperson, medan same gardbrukar kan ha tilsvarande avfall som følgje av gardsdrifta. Ved tvil om opphav, bør SIMAS vurdere å gje

melding til Fylkesmannen (som på sjølvstendig grunnlag må avgjere om det skal gjennomførast tilsyn hos avfallsprodusenten).

### **9. Smittefarleg avfall (risikoavfall) er ikkje forsvarleg lagra, jf. forskrift om smittefarleg avfall.**

Festingdalen har ikkje løyve til å mellomlagre smittefarleg avfall. Fylkesmannen set i liknande saker krav til at smittefarleg avfall (risikoavfall) skal mellomlagrast i fryselager med temperatur ikkje høgare enn minus 20 °C. Det stod lagra i teltet saman med det farlege avfallet.

---

#### **Avvik 7 SIMAS manglar skriftleg dokumentasjon på at det er gjort ei systematisk vurdering av substitusjon av kjemikal**

**Avvik frå:** Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter, § 5, andre ledd punkt 7 og produktkontrolllova § 3

#### **Kommentarar:**

SIMAS har nyleg oppdatert stoffkartoteket med sikkerhetsdatablad på kjemikalia som vert nytta. Alle som nyttar produkt og kjemikal har aktsomheitsplikt, og skal vite kva eigenskapar kjemikalia har og kva ein må passe på ved bruken. Verksemda hadde kjennskap til substitusjonsplikta men kunne ikkje vise til ei skriftleg vurdering med tanke på utskifting av helse- og miljøskadelege produkta med mindre farlege produkt. Verksemda må få på plass ein skriftleg dokumentasjon som viser at det er gjort ei systematisk vurdering av substitusjon av kjemikal.

### **7. Merknader**

Følgjande tilhøve ga grunn til merknadar under kontrollen:

---

#### **Merknad 1 Vassbalanse er ikkje tilstrekkeleg dokumentert eller oppdatert**

#### **Kommentarar:**

Vassbalanse vart utrekna for ein kort periode for om lag 10 år sidan. Det er tvil om vassbalanse er dokumentert seinare. Vilkår 3.5.1 og 4.1 set krav om utrekning av vassbalanse: "Oppsamlinga av sigevatnet og effekt av tiltak for å redusere vassinntrenging til deponiet skal dokumenterast gjennom overvakingsprogrammet og utrekning av vassbalanse."

---

#### **Merknad 2 Diffuse utslepp av deponigass må gjerast tiltak med**

#### **Kommentarar:**

Det er tvil om SIMAS har tilstrekkeleg kontroll med diffuse utslepp av deponigass og set i verk tiltak ved oppdaging av lekkasjeområde. Vilkår 3.7 seier : Verksemda skal ha regelmessig kontroll med diffuse utslepp av deponigass og gassuttaksanlegget sin effektivitet, og om nødvendig setje i verk avbøtande tiltak." Internkontrolldokumentasjonen viser ikkje om tiltak er gjort i seinare tid.

---

#### **Merknad 3 Nærmiljøtiltak bør vurderast med sikte på noko innstramming av rutinar**

#### **Kommentarar:**

1. **Gjerde** må ha jamleg inspeksjon og hol/nedringing utbetrast straks. Minst ein person ved anlegget bør ha kompetanse til å fjerne tre ved hjelp av motorsag.

2. **Hjort** som kjem inn på anlegget gjennom port i opningstida kan ein søke om skadefellingsløyve på om den/dei ikkje let seg skremme vekk.
3. **Flygeavfall** vert fjerna årleg gjennom ryddeaksjon med hjelp frå andre. Hovudfokus har til vanleg vore opprydding innafor gjerde, men i det siste også utafor. Rydding utafor gjerde bør vere eigen målsetjing, og verte gjennomført ved behov og etter eit fast minimumsopplegg kvart år.
4. Framande, skadelege **plantar** kan etablere seg ved avfallsplassen. SIMAS bør gjennomføre ei inventering av framande plantar og gjennomføre tiltak ved eventuell påvising av slike artar.

---

#### **Merknad 4 Presisering av prosedyrar**

##### **Kommentarar:**

Revisjonsnr. og dato (ikkje bruk felt når det gjeld fastsett dato) bør komme fram i prosedyrane. Telefonnummer og epost bør oppdaterast der varslingsrutinar er omtalt. Mellom anna har SFT skifta namn og kontaktinformasjon, telefaks er knapt i bruk lenger, medan epostadresse bør vere med som varslingsadresser.

Fleire av rutineane omtalar like forhold men på ulike stader. Det kan verksemda gjerne ha, men det vart mange like/liknande rutinar som var vanskeleg å få oversikt over.

#### **8. Andre tilhøve**

1. Utsleppsløyvet må oppdaterast  
Nokre av forholda som må endrast: Vilkår 3.1.1. må endrast slik at mottakskriteria etter kap. 9, vedlegg 2 er styrande. Løyvet må vurderast med sikte på behovet for utslepp av avisingsvæske og ureina vatn frå akvakultur på utsleppsleidninga. Omtale av oljeutskiljar må takast inn. Omtale av innhald i verbal årsrapport til Fylkesmannen må utformast.
2. Verksemda er inne i ein krevjande omstillingsprosess. Fleire personar vil få nye oppgåver og ansvarsområde. Dei tilsette og leiinga kan når som helst ta kontakt med miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen og spørre om råd eller hjelp til faglege vurderingar.
3. Komposteringsanlegget har gjennomgått ein merkbar betring sidan siste kontrollen. Verksemda er i gang med ein prosess der eitt av måla er å få eit salgbart produkt av avfallet.
4. Verksemda har hatt eit spesielt fokus på betring av farleg avfallshandteringa. prosessen viser at handteringa er langt betre enn for nokre år sidan. Handtering av farleg avfall er særskilt vanskeleg og krev motiverte og kompetente tilsette og prioritert fokus frå leiinga.
5. Verksemda er ein føregangsverksemd når det gjeld betring av reinseprosessane for sigevatnet. Verksemda har prøvd ulike måtar å reinse sigevatnet på, og har sett ned særskilt prosjekt for å finne betre måtar å handtere sigevatnet på.
6. Verksemda har omfattande planar for betring av fråsortering om omemballering av avfall. Ombygginga vil vere krevjande, men kan føre til vesentleg betring av avfall som skal gjenvinnast og enklare prosessar for avfall som kan deponerast.
7. Om bruk av rett bedriftsnummer.  
Organisasjonsnummeret til anlegget (bedriftsnummeret) i Festingdalen er 876 028 662. Dette bedriftsnummeret skal vere registrert i Brønnøysundregisteret som eit *undernummer* til organisasjonsnummeret. Det er *berre* bedriftsnummeret som skal nyttast når anlegget (Festingdalen) må identifisere seg i AltInn for årsrapporteringa, og som identifikasjon på deklarerings skjema for eige produsert farleg avfall. Eigarnummeret (974 888 076) skal **ikkje** nyttast i desse sakene.

Kvart av avfallsmottaka i den enkelte kommune må likeeins ha eige undernummer, som er særleg viktig då farleg avfall frå hushaldning i den enkelte kommune må deklarerast med dette nummeret.

Ved overgang til elektronisk deklarerering av farleg avfall frå 2015, vil kravet om rett nummer vere særleg viktig.

Merk også at kommunen vil ha fleire undernummer. Farleg avfall frå privat hushaldning må skiljast ut som avfall frå ein produsent, medan kommunen må avgjere om eige produsert farleg avfall (næringsavfall) skal deklarerast frå ein eller fleire kommunale anlegg.

## **10. Informasjon til verksemda**

I tillegg til gjennomføring av kontrollen, vart det gitt informasjon om

- Hovudprinsippa i ureiningslova, om avfallshandtering og dokumentasjonsbehovet for internkontrollen
- Viktige nettstader og faktaark og rettleiarar frå Miljødirektoratet

### **Vedlegg:**

1. Dokumentunderlag for kontrollen
2. Gjennomføring av revisjon
3. Deltakarar

**Vedlegg 1 - Dokumentunderlag for kontrollen:**A. Lovgrunnlaget

1. Ureiningslova (lov 13.3.1981 om vern mot forurensninger og om avfall). Særleg viktige reglar er § 7 om plikt til å unngå ureining og tiltakspunkt dersom ureining oppstår, § 20 om tiltak ved driftsstans, § 28 om forbodet mot forsøpling, § 32 om plikt til å levere næringsavfall til godkjent mottak og kap. 6 om akutt ureining. Merk også at brot på ureiningslova er straffbart etter reglane i §§ 78 og 79.
2. Avfallsforskrifta (forskrift 1.6.04 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall ). Særleg viktige reglar er kapittel 1 (om EE-avfall), kapittel 9 (om deponering av avfall), kapittel 11 (om farleg avfall) og kapittel 14 (om byggavfall)
3. Internkontrollforskrifta (forskrift 6.12.96 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter), med vekt på ytre miljø
4. Utsleppsløyve dagsett 7.4.08

B. Liste over dokument som Fylkesmannen har granska og som var med å gje grunnlag for våre konklusjonar (Fylkesmannen har normalt ikkje kopi av desse dokumenta etter revisjonen)

1. Eigenrapport til FMVA (årleg)
2. Eigen internkontrolldokumentasjon.
  - a. Rutine 1.2, 2.2 og 2.3 om mål
  - b. Organisasjonskart med ansvar
  - c. Rutine 3.4. Varslingsliste
  - d. Dok. om intern opplæring
  - e. Rutine 5.1 om Kartlegging – vernerunde og rutine 5.3 og anna framlagt dok. om årleg gjennomgang
  - f. Rutine 6.1.1 om avvik og framlagde døme
  - g. Rutine 8.1.17 om beredskapsplan for akutt ureining
  - h. Rutine 8.2.1 om farleg avfall og 8.2.2 om ordinært avfall
  - i. Rutine 8.4.7 om basiskarakterisering
  - j. Rutine 8.5 (fleire) om gassanlegget
  - k. Rutine 8.6.1 om komposteringsanlegget
3. Handlingsplanar innan HMS
4. Døme på utfylte deklarasjonsskjema farleg avfall
5. Journal over avfallshandtering, delt på ordinært avfall og farleg avfall
6. Kjemikaliehandteringa med stoffkartotek

## Vedlegg 2 – Gjennomføring av revisjon

Revisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

**Formøte** (som omfattar all kontakt før revisjonsdagane) vart gjennomført som formelt varsel og uformell utveksling og innsending av relevant, intern dokumentasjon. Innsende kopiar av intern dokumentasjon er ikkje teke vare på hos Fylkesmannen.

### **Opningsmøte** den 11.9.14

Det vart gitt orientering om formål med revisjonen. Sentrale omgrep vart definerte og hovudkrava i internkontrollforskrifta vart gjennomgått. Vidare vart venta omfang og gjennomføring av revisjonen gjennomgått.

Kopi av lysark vart send til verksemda samtidig med revisjonsrapporten.

Verksemda informerte om eigen organisasjon og gjennomgikk sentrale prosessar.

Intervju og verifikasjonar i tida 11. og 12.9.14. I alt vart 7 personar intervjuja og 14 personar deltok på opnings- og/eller sluttmøtet.

I vedlegg 3 er det gitt oversikt over deltakarane ved revisjonen.

### **Verifikasjon/stikkprøver** i samband med revisjonen

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske forhold:

- Deklarasjonsskjema levert farleg avfall
- Journalsystemet for ordinært avfall og for farleg avfall
- Temperaturlogg for seinaste produksjon ved komposteringsanlegget
- Rapporteringsgrunnlaget for innvegd avfall som grunnlag for årsrapportering til Fylkesmannen / Altinn
- Interne avviksmeldingar

### **Sluttmøte** den 16.9.14

Avvik og merknader vart gjennomgått. Det er semje om teksten som er identisk med kapittel 4 og 5 i denne rapporten.

Det kom ikkje merknader til at innhaldet i rapporten kunne vere offentleg tilgjengeleg.

### Vedlegg 3 - Deltakarar ved revisjonen

I tabellen under er det gitt ei oversikt over dei personane i verksemda som deltok under formøte, opningsmøte og sluttmøte, og som vart intervjuet.

Arbeidstittel (funksjon)	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Fagansvarleg deponi		x	x	
Fagarbeidar miljøstasjon		x		
Fagarbeidar kompost		x	x	
Fagarbeidar kompost / papirhall		x	x	
Logistikk og transport koordinator		x	x	
Driftssjef		x	x	x
Direktør		x	x	x
Prosjektsjef		x	x	x
Økonomisjef				x
Informasjonsmedarbeidar				x
Økonomikonsulent				x
Kundehandsamar				x
Kundehandsamar				x
Kundehandsamar				x

#### Revisjonsgruppa:

Frå FMVA deltok: Gøsta Hagenlund, revisjonsleiar og Dagny Alvik